

PROTOKOLL FRÅ DRØFTINGSMØTE OM BETINGA PERMITTERINGSVARSEL
Jf. HA del B, § 8-2 nr d.

Møtet vart halde på møterom 4, torsdag 22.05.14, kl. 14.30.

Til stades frå Meland kommune:

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, organisasjonsrådgjevar Guro Osnes og personalkonsulent Kathrine S. Brakstad.

Til stades frå arbeidstakarorganisasjonane:

Utdanningsforbundet	Adolf Hovgaard
Delta	Kari R. Ytterdal
Nito	Harry Finseth
Naturviterne	Hans Kristian Dolmen
FO	Cecile E. Lærkerød
Fagforbundet	Kjersti Vikebø Nesse

SYNSPUNKT ARBEIDSGJEVAR:

Arbeidsgjevar konstaterer at det er brot i forhandlingane ved årets oppgjjer, og at Meland kommune har mottatt namnelister på streikeuttak.

Det vert vist til HA, del B, § 8 om permitteringsvarsel/førehandsvarsel. Det vert såleis i dag sendt ut førehandsvarsel om mogleg permittering (betinga permitteringsvarsel) til alle tilsette, dette med bakgrunn i krav til frist for iverksetjing av permittering. Arbeidsgjevar vil komme tilbake til ytterlegare drøftingar dersom permittering skulle bli aktuelt.

Viser elles til kopi av førehandsvarselet, som vart delt ut i møtet.

SYNSPUNKT ARBEIDSTAKARORGANISASJONANE:

Arbeidstakarorganisasjonane legg vekt på at det skal vurderast anna relevant arbeid for arbeidsakarane før ein vert permitert og at før det vert iverksett permittering vert det gitt eit direkte varsel til dei det gjeld.

Fagforbundet *Kjersti V. Nesse*
Delta *Kari R. Ytterdal*
FO *Cecile E. Lærkerød*
Naturviterne *Hans Kristian Dolmen*
Nito *Harry Finseth*
Utdanningsforbundet *Adolf Hovgaard*

Kari Anne Iversen

Meland kommune